



**HÅ KOMMUNE**  
**OGNA SKULE**



**ORDENSREGLEMENT**  
**FOR**  
**OGNA SKULE**

## **Innholdsliste:**

<b>1</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>3</b>
1.1	HEIMEL.....	3
1.2	FORMÅL.....	3
1.3	VIRKEOMRÅDE .....	3
<b>2</b>	<b>REGLAR OG SANKSJONAR .....</b>	<b>3</b>
2.1	REGLAR OM ORDEN OG OPPFØRSEL.....	3
2.2	TILTAK VED BROTT PÅ ORDENSREGLEMENTET .....	4
2.2.1	<i>Moglege sanksjonar .....</i>	5
2.2.2	<i>Nærare om konkrete brott og/eller sanksjonar .....</i>	5
2.3	POLITIANMELDSE OG STRAFFBARE FORHOLD .....	7
2.4	UNDERSØKING .....	7
2.5	NØDVERGE .....	8
2.6	ERSTATNING.....	8
<b>3</b>	<b>SAKSHANDSAMINGSREGLAR VED SANKSJONAR .....</b>	<b>8</b>
<b>4</b>	<b>PROSEDYRAR FOR VEDLIKEHALD OG OPPFØLGING AV RUTINAR .....</b>	<b>9</b>
<b>5</b>	<b>IVERKSETJING.....</b>	<b>9</b>

# 1 INNLEIING

## 1.1 Heimel

Ordensreglementet er laga med heimel i lov av 17. juli 1998 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-9.

## 1.2 Formål

Ogna skule skal pregast av konstruktivt og utviklande samarbeid mellom elevar, føresette og tilsette.

Ordensreglementet skal bidra til å fremje trivsel, respekt, samarbeid, forutsigbarheit og medansvar for å sikre og utvikle eit positivt og godt læringsmiljø på skulen. Ordensreglementet tek som utgangspunkt at alle elevane bidreg med sine ressursar til å nå målsetjinga om eit godt og trygt skulesamfunn for alle.

## 1.3 Virkeområde

Ordensreglementet inneheld reglar for både orden og oppførsel. Vidare inneheld det reglar for kva slags tiltak (sanksjonar) som skal brukast mot elevar som bryt reglementet, og sakshandsamingsreglar for korleis slike saker skal handsamast.

Skulen har ansvar for elevane i undervisning, under arrangement, på ekskursjonar m.m. der elevane er under skulen si leiing. Dette inneber at ordensreglementet gjeld i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteområde, på skulevegen og når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område, til dømes i prosjekt, studieturar, overnattingsturar o.l. Dette inneber at ordensreglementet gjeld når skulen har ansvaret for elevane.

# 2 REGLAR OG SANKSJONAR

Skulen er ein læringsarena og arbeidsplass for barn, unge og vaksne. Alle har eit ansvar for korleis skulemiljøet er og utviklast. Det er difor viktig at både elevar, føresette og tilsette arbeider for å skape eit godt arbeids- og læringsmiljø.

Elevane skal følgje vanlege reglar i samfunnet og vise god folkeskikk. Som elev har ein difor både rettar og plikter som skal følgjast.

## 2.1 Reglar om orden og oppførsel

Ogna skule har som mål at alle barn, unge og vaksne skal oppleve eit godt og utviklande lærings- og skulemiljø. For å oppnå dette må blant anna desse reglane følgjast:

- Alle skal behandlast, og behandle andre, på ein ordentleg måte kor alle viser respekt og omsyn overfor kvarandre

- Ingen skal utsetjast, eller utsetje andre, for fysisk, psykisk og/eller verbal mobbing og plaging
- Alle skal ha eit godt lærings- og skulemiljø kor ein viser respekt for undervisninga
- Alle skal delta i undervisninga i den form ho er gitt, bidra til å halde arbeidsro i timane og følgje gjeldande reglar i prøve- og undervisningssituasjonar
- Alle skal møte presis til undervisning og andre avtalar, og gjere skulearbeid til avtalt tid
- Alle skal halde god orden, og bidra til å halde skulen sitt område reint og ryddig
- Alle skal få ha sine, og la andre sine eigedelar vere i fred
- Alle skal ta godt vare på sine personlege eigedelar (så langt det er mogleg bør du unngå å ta med verdisaker på skulen)
- Alle skal ta godt vare på skulen sine bygg, inventar, lærebøker, undervisningsmateriell og andre eigedelar slik at dei ikkje vert utsette for hærverk og unødig slitasje og forbruk
- Ingen skal vere i besittelse av ulovlege eller farlege gjenstandar
- Ingen skal vere rusa, bruke, oppbevare, omsetje eller vere i besittelse av tobakk, snus, alkohol, narkotika, eller andre rusmidlar på skulen sitt område eller arrangement
- Vi ønskjer sunne matvanar. Difor tillet vi ikkje snop på skulen
- På barnetrinnet er det ikkje lov å ha med mobiltelefon, nettbrett eller datamaskin på skulen.
- På ungdomstrinnet skal mobiltelefon, iPod, MP3-spelar etc. som hovudregel vere slått av i undervisningstida
- Sykkelparkering skjer ved tilviste plassar, og syklane skal vere parkert i skuletida
- Ytterklede og lue skal vere av i undervisningsøktene og i kantina
- Vi har ein fin omgangstone på skulen. Det er ikkje tillatt med banning og anna stygt snakk
- Det er ikkje lov å kaste snøball på skulen
- Bruk av ball skjer på skulen sitt uteområde
- Elevrådet har ansvar for å fordele banar på kunstgrasbanen og ballbingen
- Elevane på barnetrinnet skal vere ute i friminutta
- Alle elevane skal halde seg på skulen sitt område i skuletida. Dette gjeld ikkje i undervisningsøkter der vaksne har ansvaret, til dømes ekskursjonar, turar etc.

## **2.2 Tiltak ved brot på ordensreglementet**

Alle sanksjonar skal vere slik at elevane skal forstå kva for nokre reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette. Sanksjonane skal stå i rimeleg forhold til brotet på ordensreglane. Tiltak bør kome så nær regelbrotet i tid som mogleg. Dersom det er mogleg skal eleven gis høve til å gjere opp for seg.

Brot på reglar som følgjer av lov eller reglement kan sanksjonerast etter reglane i dette kapitlet, dersom ikkje anna er særskilt nemnt.

Som hovudregel skal det bare illeggjast sanksjonar som følgjer av lov eller reglement. Viss særskilte grunner tilseier det, kan og andre sanksjonar av mindre inngripande art illeggjast. Ved brot på reglar som følgjer av skulen sitt eige ordensreglement, gjeld det same.

Elevane plikter å overhalde ilagte sanksjonar. Ved manglande overhalding kan det illeggjast nye sanksjonar.

### **2.2.1 Moglege sanksjonar**

Ogna skule kan nytte følgjande sanksjonar mot brot på ordensreglementet:

- Munnleg irettesetjing
- Skriftleg irettesetjing/advarsel
- Pålegg om oppgåver for å rette opp skade dei har påført skulen sin eigedom eller eigedelar (rydde søppel, vaske golv, fjerne tagging o.l.)
- Erstatningsansvar
- Oppmøte på skulen før eller etter skuletid i samband med samtalar med lærar/rektor, og/eller utføring av pålagte oppgåver
- Inndraging av gjenstandar som vert brukte på ein farleg eller provoserande måte, og/eller andre gjenstandar som ikkje skal vere med på skulen. Inndratte gjenstandar kan tilbakeleverast til føresette (ulovlege gjenstandar vert levert til politiet)
- Bortvising frå klasse/gruppe for resten av timen eller dagen etter rektor si avgjerd
- Bortvising frå skulen i inntil 3 dagar etter rektor si avgjerd (gjeld 8.-10. trinn)
- Utelukking av enkeltelevar frå spesielle arrangement og aktivitetar
- Midlertidig eller permanent skulebytte
- Nedsett karakter i orden og oppførsel (gjeld 8.-10. trinn)
- Anmelde straffbare forhold

### **2.2.2 Nærare om konkrete brot og/eller sanksjonar**

#### **Mobbing og vald**

Krenkjande atferd som blant anna mobbing, diskriminering, vald, eller truslar om vald, skal ikkje akseptast på Ogna skule.

Ogna skule har ein eigen handlingsplan mot mobbing.

Elevar som utøvar mobbing, vald, eller truar med vald, kan visast bort frå undervisninga/skulen. Lengda på bortvisinga vil avhenge av eleven sin alder og alvoret i situasjonen. Dersom eleven sin atferd ikkje vert endra etter at tiltak og sanksjonar er forsøkt gjennomført, kan skulebytte vurderast midlertidig eller permanent.

### **Medbringning av ulovlege/farlege gjenstandar**

På skulen sitt område eller arrangement er det ikkje lov å ha med seg ulovlege gjenstandar, eller gjenstandar som kan nyttast til å utøve skade på seg sjølv eller andre.

Gjenstandane kan beslagleggjast av skulen. Ulovlege gjenstandar vert overlevert til politiet. Andre beslaglagde gjenstandar vert overlevert til eleven sine føresette etter skuletid.

### **Hærverk**

Elevar som utøvar hærverk, kan påleggjast å rydde opp etter seg/utbetre skadar som er gjort når oppryddinga består i arbeid eleven har føresetnader for å klare, og arbeidet står i rimeleg forhold til brotet.

Ved hærverk vil eleven og/eller føresette kunne bli haldne erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap eller øydelegging av skulebøker og anna utstyr. Eleven kan gis høve til å utbetre skadane sjølv der dette er hensiktsmessig.

Skulen skal reagere dersom elevar øydelegg andre elevar eller tilsette sine egedelar.

### **Ugyldig fråvær**

Elevene har plikt til å møte presis til undervisninga og plikt til å delta i undervisninga i den form ho er gitt. Ugyldig fråvær er brot på ordensreglementet og skal tilleggjast vekt når ordenskarakteren vert fastsett på 8.-10. trinn.

Dersom eleven er ulovleg borte frå skulen eller gjentekne gonger kjem for seint, skal føresette kontaktast for å få klarlagt årsaka til fråværet eller at eleven kjem for seint. Dei tiltaka som vert iverksett må sjåast i samanheng med årsaka og eventuelt hyppigheiten i forseintkominga.

Barn og unge har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Når det er forsvarleg, kan rektor etter søknad gje den enkelte elev permisjon i inntil fem dagar. Ved søknad om lengre permisjonar, må søknaden rettast til etat for opplæring og kultur.

Fråværet for alle tre åra på ungdomstrinnet vil bli ført på avgangsvitnemålet.

### **Mobiltelefon, MP3-spelar etc.**

Mobiltelefonar og MP3-spelarar skal som hovudregel vere avslått i undervisninga.

Dersom elevane bryt reglane for bruk av mobiltelefon, MP3-spelar etc., kan utstyret beslagleggjast for resten av dagen. Ved gjentatte brot på reglane, kan utstyret beslagleggjast og overleverast til føresette.

### **Internett**

Skulen sin internetttilgang skal som hovudregel bare brukast i undervisninga. Dette gjeld og bruk av e-post. Denne regelen er ikkje til hinder for at skulen sin internetttilgang kan vere tilgjengeleg for elevar utanom den organiserte undervisninga.

Skulen har nettvettreglar. Elevar som bryt desse eller reglar for bruk av datautstyr, kan stengast ute for bruk av skulen sitt datautstyr for ein periode.

### **Fusk**

Dersom eleven har fuska i ein prøvesituasjon, vil prøven bli annullert. Elevane på ungdomstrinnet skal informerast om moglegheiten for ikkje å få terminkarakter.

For fusk eller forsøk på fusk på eksamen, vert det vist til eige eksamensreglement.

### **Rusmidlar, tobakk og snus**

Det er ikkje tillatt å vere rusa, bruke, oppbevare, omsetje eller vere i besittelse av tobakk, snus, alkohol, narkotika, eller andre rusmidlar på skulen sitt område eller arrangement.

Skulen kan beslagleggje rusmidla eller tobakken. Tobakk og alkohol skal, dersom ønskjeleg, overlatast til eleven sine føresette. Ulovlege rusmiddel skal overlatast til politiet.

### **Vurdering i orden og oppførsel (8.-10. trinn)**

Reglar for vurdering i orden og oppførsel er heimla i forskrift til opplæringslova §3-9.

Karakteren i orden og oppførsel skal som hovudprinsipp setjast ned ved gjentekne brot på ein eller fleire reglar i skulen sitt ordensreglement.

I tillegg kan karakteren setjast ned ved spesielt grove brot på reglementet sjølv om det er snakk om enkelthendingar.

Dersom ein elev står i fare for å få nedsett karakter i orden eller oppførsel, må eleven og dei føresette få skriftleg varsel. Varselet skal gis utan ugrunna opphald, slik at betre orden eller oppførsel kan påverke karakteren.

## **2.3 Politianmeldelse og straffbare forhold**

Dersom det føreligg mistanke om straffbare forhold, kan rektor be om politiet sin bistand. Eleven sine føresette skal, dersom det er mogleg, varslast munnleg samtidig som politiet vert beden om bistand. Føresette skal uansett varslast skriftleg om at det er søkt om politiet sin bistand.

Skade på skulen sin eigedom vil kunne bli politianmeldt. Straffbare forhold mot person vert som hovudregel anmeldt av den som er utsett for forholdet – den fornærma.

## **2.4 Undersøking**

Ved skjellig grunn til mistanke om brot på reglar knytta til ulovlege/farlege gjenstandar eller rusmidlar og tobakk, kan skulen si leiing gjennomføre undersøking i skap og hyller som disponerast av elevane.

Ved skjellig grunn til mistanke om brot på reglar knytta til ulovlege/farlege gjenstandar eller rusmidlar og tobakk, kan skulen si leiing be eleven sine føresette

om lov til å føreta kontroll av lommar i klede, sekker eller bagger. Dersom det er mogleg skal eleven sine føresette gis høve til å vere til stades ved ein eventuell kontroll.

## **2.5 Nødverge**

Når det i heilt spesielle akutte situasjonar er fare for at ein elev kan skade seg sjølv eller andre, vil det vere nødvendig å stanse eleven, eventuelt skilje eleven frå resten av gruppa og plassere eleven i eit eige rom for ein kortare periode. Eleven skal då ha tilsyn av minst ein vaksen. Når eit slikt tiltak vert sett i verk, skal ein straks melde frå til rektor og føresette.

## **2.6 Erstatning**

I tillegg til å bli ilagt sanksjonar etter reglementet her, kan eleven bli erstatningsansvarleg etter erstatningsrettslege reglar. Foreldre/føresette kan bli erstatningsansvarlege for skade voldt forsettleg eller uaktsamt av deira barn med inntil kr 5000,- for kvar enkelt hending, jf. skadeserstatningslova §1-2.

# **3 SAKSHANDSAMINGSREGLAR VED SANKSJONAR**

Handsaming av brot på ordensreglementet følgjer reglane i opplæringslova. I den grad avgjerda om å ileggje ein sanksjon reknast som eit enkeltvedtak følgjes sakshandsamingsreglane i forvaltningslova kap III – VI.

Avgjersler om følgjande sanksjonar skal alltid nedfellast i form av enkeltvedtak:

### **Bortvising**

Ved alvorlege eller gjentekne brot på ordensreglementet, kan elevar på 1.-7. trinn visast bort frå undervisninga for enkelttimar eller for resten av dagen. Elevar på 8.-10. trinn kan visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar, jf opplæringslova §2-10 og §2-9 fjerde ledd.

Rektor sjølv vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det vert gjort vedtak, skal eleven ha fått moglegheit til å forklare seg munnleg og ein skal ha vurdert andre sanksjonar.

Føresette til elevane skal varslast før bortvising iverksetjast for resten av dagen på 1.-7. trinn, og før bortvising for heile dagar på 8.-10. trinn.

### **Tiltak vedrørande det psykososiale miljøet**

Dersom ein elev eller føresett ber om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande atferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skulen snarast mogleg handsame saken etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova, jf opplæringslova §9a-3 tredje ledd.



Om skulen innan rimeleg tid ikkje fattar vedtak i saka, kan dei føresette likevel klage etter reglane i forvaltningslova, som om det var gjort enkeltvedtak. Klageretten kan utøvast av dei som har rettsleg interesse etter forvaltningslova §28.

## 4 PROSEDYRAR FOR VEDLIKEHALD OG OPPFØLGING AV RUTINAR

### Årshjul for arbeidet med det psykososiale miljøet:

- **August:** Gjennomgang av ordensreglement og handlingsplan mot mobbing for elevar og personalet
- **September:** Val av representantar til råd og utval (Innan 15.) Orientering om ordensreglement og handlingsplan mot mobbing til alle råd og utval
- **Oktober:** Varsling om eventuelle enkeltvedtak i høve §9a (I FAU, SU og SMU)
- **Oktober/november:** Gjennomføring av elevundersøkinga
- **Desember:** Varsling om eventuelle enkeltvedtak i høve §9a (I FAU, SU og SMU).
- **Januar/februar:** Evaluering av elevundersøkinga i alle råd og utval, med spesiell vekt på det psykososiale miljøet
- **Mars:** Varsling om eventuelle enkeltvedtak i høve §9a (I FAU, SU og SMU)
- **Juni:** Varsling om eventuelle enkeltvedtak i høve §9a (I FAU, SU og SMU)

## 5 IVERKSETJING

Denne forskrifta trer i kraft frå 14. mars 2011 etter godkjenning i SMU 06.02.2011.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevar, foreldre/føresette og tilsette kvart år ved byrjinga av skuleåret. Reglementet er og tilgjengeleg på Oгна skule sine nettsider, [www.ha.no/ogna](http://www.ha.no/ogna).